



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
13/905		62914/2014/S00	Ketil Valde, 93036359	09.10.2014

Vestlandsrådet sin høyringsuttale til rapporten "Et bedre organisert strømnett".

Arbeidsutvalet i Vestlandsrådet vedtok i sitt møte 16. oktober 2014 følgjande uttale til rapporten «Et bedre organisert strømnett»:


1. Rapporten gir gode forslag og vurderingar for å få til ei betre organisering av straumnettet. Endringsforslaga vil kunne gjennomførast raskt, og vil gjere det lettare å få utført dei store utbetringane og investeringane i nettet på ein samfunnsøkonomisk god måte.
2. Krav om selskapsmessig og funksjonelt skilje for alle nettselskap vil kunne gjere det vanskelegare med kryss-subsidiering, samt lettare med tilsyn og auka fokus på nettverksemda. Men for fleire små og mellomstore selskap kan ei slik organisering bli svært vanskeleg. Det blir særskilt viktig at kriteria for dispensasjon blir slik, at uheldige verknader for mellom anna beredskap og næringsliv i utsette lokalsamfunn, kan bli vurdert opp mot fordelar ved ei oppsplitting av eit samla selskap.
3. Utepeiking av distribusjonssystemopertørar (DSO) som skal koordinere nettutbygginga innanfor større nettområder er eit forslag som kan gi samfunnsøkonomisk gode løysingar. Det at ein DSO skal kunne pålegge andre selskap investeringar i sine ansvarsområde, kan bli konfliktfylt. Utforming av ordninga bør sikre innsyn og samarbeid i forholdet mellom dei berørte partane gjennom heile arbeidet, slik at ulike innspel kan bli vurdert heilt frå starten av planleggingsfasen. Samarbeidet som er opparbeidd innan arbeidet med kraftsystemutredinga (KSU) bør takast vare på, og ny ordning må bygge vidare på dette.
4. Ekspertgruppa foreslår endring av inntektsramma for nettselskapa slik at selskapa får redusert den sikre dekninga av sine utgifter frå 40 % til 30 %. Forslaget vil kunne bidra til meir rasjonell drift i nettselskapa, men kan også føre til at enkelte selskap vil investere mindre pga lågare sikkerheit for investeringane. Det bør vurderast betre kva konsekvensar eit slikt forslag vil ha for ulike selskap.
5. Vestlandsrådet v/arbeidsutvalet ser positivt på at utvalet erkjenner problemstillingar rundt store skilnader i nett-tariffar i ulike deler av landet. Det er og positivt at innmatingsinntektene skal gå til det nettnivået der faktisk innmating skjer. Kraftforedlende industri må få behalde si tilknytning på høgaste nettnivå, eventuelt at det vert ein nasjonal tariff for kraftintensiv industri. Konsekvensen av manglande løysingar kan bli nedbygging av industri og næring, og sterk svekking av utbygging av fornybar energi. Vestlandsrådet v/arbeidsutvalet beklagar derimot at utvalet ikkje har foreslått løysingar for problem knytt til urimeleg høge og aukande nett-tariffar i område med omfattande utbygging av fornybar kraftproduksjon.

Vestlandsrådet v/arbeidsutvalet ber om ei utgreiing av ei nettleigeordning som tek omsyn til utfordringane i område med stort potensiale for produksjon av ny fornybar energi. Vestlandsrådet v/arbeidsutvalet ber om tiltak som sikrar konkurransedyktige rammevilkår.

6. Noverande nettariffar stimulerer til å leggje tungt forbruk av elektrisk energi vekk frå overskotsområde og over til underskotsområde. Dette fører til dyrare nett og større tap i nettet. Ei ny ordning må gje prissignal som fremmar rasjonell bruk av ressursane.

Uttalen blir sendt med følgjande merknad: Hordaland slutter seg ikkje til punkt 6.

Med helsing



Jon Aasen
Leiar i Vestlandsrådet

Vedlegg:

1. Saksutgreiing til arbeidsutvalet i Vestlandsrådet

AU sak 13/14 Høyringsuttale frå Vestlandsrådet til rapporten "Et bedre organisert strømnett"

Bakgrunn

Ei ekspertgruppe har overlevert rapporten «Et bedre organisert strømnett» til Olje- og energidepartementet (OED). Rapporten er lagt ut til høyring med frist 1. oktober 2014. Rapporten og innkomne høyringsuttalar vil danne grunnlag for m.a. ei stortingsmelding som er venta i 2015, og vil med det gje føringar for komande organisering, lov/forskriftsendringar og verkemiddel.

Fylkestinget i Sogn og Fjordane fylkeskommune og fylkesutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune har tidlegare sendt inn høyringsuttaler til rapporten sine forslag. Hordaland fylkeskommune har ikkje ønskt å gi eigen uttale, men viser til uttalen frå «Samarbeidande kraftfylke».

Kort om mandatet til ekspertgruppa:

Gruppa skal drøfte kva oppgåver overføringsnettet i Norge må ha på lang sikt, kva som er ei formålstenleg nettorganisering, og det skal leggst fram ein eller fleire modellar for organiseringa.

Vidare skal dei vurdere kva føresetnader som må vere oppfylt, og virkemidlar som myndigheitene kan bruke for å få til ei god nettorganisering. Det skal leggst fram eitt eller fleire alternative forslag til virkemiddelbruk.

Gruppa skal vurdere meir harmoniserte tariffar, og vurdere om ønska endring i nettorganiseringa lar seg gjennomføre innan 2020, deriblant legge fram ein strategi for eventuell gjennomføring.

Link til rapporten frå ekspertgruppa:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/oed/presSESenter/pressemeldinger/2014/Mottok-rapport-om-bedre-organisering-av-stromnettet.html?id=758336>

Ekspertgruppa tar utgangspunkt i at det framover blir stort behov for investeringar i nettet. Aksepten for sviktande straumforsyning er liten, og det eksisterande nettet treng oppgradering. Større variasjonar både i produksjon av straum og i uttak av straum, vil gjere dagleg drift meir samansett. Det set krav til organisering, investeringar, kompetanse og kostnadseffektivitet.

Frå tre til to nivå

Straumnettet i Noreg er organisert i tre nivå:

Sentralnettet er høgspennetlinjer som tar inn produsert kraft, og kan fordele den utover til ulike delar av landet. Sentralnettet er stort sett eigd og drifta av Statnett.

Regionalnettet har som oppgåve å fordele straum frå sentralnettet utover i kvar landsdel, samt ta inn produksjon i sitt område.

Distribusjonsnettet er siste ledd i kjeden, og fører straumen fram til den enkelte brukar. Det er overlappende soner mellom dei tre nivå, og ekspertgruppa foreslår at regionalnettet blir innlemma i distribusjonsnettet, slik at vi får 2 nivå.

Det er mange selskap i desse nivåa i Norge (136 selskap), og dei fleste (103) er små og leverer til få kundar (færre enn 10 000).

Selskapsmessig og funksjonelt skilje

Selskapa som har ansvaret for regional- og distribusjonsnett, er i stor grad, heilt eller delvis eigd av ein eller fleire kommunar, dels saman med nokre private selskap. Ansvaret for nettet har i utgangspunktet vore ein del av kraftselskapa sin aktivitet, og er derfor oftast ein del av dette selskapet. Eksisterande lovar og reglar pålegg nettverksemdene å føre eigne rekneskap, slik at det er mogleg å få innsyn i drifta. Det skal ikkje foregå «kryss-subsidiering» og heller ikkje at dårleg drift skal finansierast med høgare nettleige. I dagleg drift, vil tilsette kunne bli brukt både i arbeid med kraftproduksjon og sal, samt til arbeid med straumnettet. Det gir «stordriftsfordelar» til dei ulike verksemdene som selskapet driv.

Ekspertgruppa meiner skillet mellom konkurranseutsett aktivitet (straumproduksjon, breiband mm) og oppgåvene selskapa har for straumnettet (naturleg monopol), er for utydeleg. Dei rår til at det vert sett krav om selskapsmessig og funksjonelt skilje for alle energi-selskap - uavhengig av storleik - og med ein gjennomføringsperiode på tre år. Selskap som eig kraftnett, kan då ikkje lenger eige kraftproduksjon eller drive kraftsal til sluttkundar.

Det er ikkje tilrådd krav om eigarmessig skilje. Dette betyr at kraftselskap og nettselskap framleis kan vere organisert i konsern.

I tillegg meiner gruppa at det bør opnast for at NVE i særlege tilfelle kan gi dispensasjon frå kravet. Kriteriet for dispensasjon skal knytast til at ulempa står i eit klart misforhold til det ein ønskjer skal nås med verksemda. Dei tilrår også at det kan bli gitt dispensasjon frå funksjonelt skilje, sjølv om det blir stilt krav til selskapsmessig skilje.

Distribusjonssystem-operatør (DSO)

Det er ei stor utfordring at så mange selskap og aktørar saman skal forvalte nettet som skal henge saman. Utvalet foreslår å opprette DSO-ar, distribusjonssystem-operatørar, med omlag same områdeinndeling som dagens KSU (Kraftsystem-utredninger). Målet med endringa er bedre samordning og koordinering på tvers av ulike konsesjonsgrenser og nettnivå, samt rangering av alternative nett-tiltak på tvers av selskapa i DSO-områda. Dette skal vere basert på ei samfunnsøkonomisk vurdering. DSO skal kunne pålegge andre områdekonsesjonærar prioritering og investeringsaktivitet, samt peike ut kven som har ansvaret for å gjennomføre tiltaket. Ekspertgruppa tilrår at konsesjonærane si plikt til å gjennomføre det mest rasjonelle tiltaket, blir lovfesta. Usemje mellom DSO og konsesjonær kan leggest fram for NVE til endeleg avgjerd.

Tilknytingsplikta

Her foreslår gruppa at regelverk og definisjonar blir gjennomgått, samt ei justering der nettselskapa sine plikter også omfattar tilknytingsplikt fram til produksjonsanlegg/forbruk i nettet. Dette for å stoppe etablering av stadig nye marginale netteigarar.

NVE si regulering/kostnadsnormen

Ekspertgruppa foreslår ei endring som gjer at andelen av nettselskapet sine eigne kostnader til nettet, som selskapet med sikkerheit får dekkja, blir redusert frå 40 til 30 %. Dette gjer dei for å styrke «nettselskapenes incentiver til kostnadseffektivitet ytterligere.» Dette fungerer slik at denne prosentandelen er selskapet garantert å få dekt. Dekking av resten av kostnadane blir vurdert opp mot ei utrekning av kva kostnaden bør vere dersom nettselskapet tilbyr sine tenester på ein gjennomsnittleg effektiv måte (kostnadsnormen).

Harmoniserte tariffar

Utvalet har vurdert fleire modellar for betre harmonisering av tariffar, og erkjenner at område med mykje ny, fornybar kraftproduksjon og få uttakskundar, har særlege utfordringar knytt til tariffane. Det er ikkje fremja forslag som kan kompensere for dette. Utvalet går heller ikkje inn for ein gjennomgåande industritariff eller liknande, som løysing for den kraftkrevjande industrien.

Utvalet foreslår at innmatingsinntektene frå kraftproduksjon som i dag matar inn i regionalnettet og som er inntekt til sentralnettet (utgjer 1,2øre/kWh), etter omlegginga vert innmatingsinntekt til distribusjonsnettet (der regionalnettet er foreslått innlemma).

Kompetanseforskrifta

Kompetanseforskrifta blir foreslått fjerna. Ekspertgruppa meiner beredskapsforskrifta tar vare på omsynet til tilstrekkeleg beredskap.

Pant i kraftleidningar

Gruppa foreslår at det blir lettare å ta pant i nettet ved at det blir opna for registrering av kraftleidningar i grunnboka. Dette kan gi selskapa betre vilkår for lån.

Reglar for tenestekjøp i konsern

To tiltak blir foreslått: Kjøp av varer og tenester bør i hovudsak skje etter konkurranse, samt at det trengs strengare reglar for å sikre at det skjer til marknadspris.

Dokumentavgift

Gruppa foreslår at det blir gitt tidsavgrensa fritak for eventuelle dokumentavgifter i samband med omdanning til konsern og anna strukturendring.

Vurdering

Rapporten frå ekspertgruppa har ei god framstilling av tilhøva i bransjen. Næringa kjenner seg att i omtalen, og rapporten har gode, og godt grunngitte vurderingar og endringsforslag.

Kraftbransjen er ein moden, og i store trekk ein godt-fungerande bransje. Dette er det viktig ikkje å rokke ved. Gruppa peiker sjølv på at den eksisterande virkemiddelbruken for bransjen heng nøye saman. Då blir det ekstra viktig å unngå endringar som gir uønskte negative følgjer for andre vesentlege funksjonar. Fordelar og ulemper må vegast opp mot kvarandre.

Kraftbransjen, inklusiv nettselskapa er ein viktig del av beredskapen, med lokalkunnskap og fagkunnskap som er avgjerande i krisesituasjonar. Og dei er viktige kompetansearbeidsplassar som har betydning for busetting og næringsutvikling i distrikta.

I rapporten er det vist til at storleiken på selskapet ikkje viser seg å vere ein viktig forklaringsfaktor for bla. økonomi, effektivitet og påliteleg levering. Det er derimot klart større variasjon blant dei små.

Blir det sett krav om eit selskapsmessig – og eit funksjonelt skilje, fører det til at det må etablerast eigen administrasjon, og at det blir vanskelegare å ta ut «stordriftsfordelar» slik som det fungerer i dag. Særleg peikar nokre i næringa på, at tap av stordriftsfordelane vil bli eit fordyrande tiltak.

Dermed kan særleg små og «mellomstore» selskap få auka utgifter, og lågare effektivitet. Det vil kunne føre til at selskap blir tvungen til å slå seg saman med andre til større nettselskap, noko som kan påverke beredskapssituasjonen og flytte arbeidsplassar. Også kraftselskap, eller andre næringar som nettselskapet er ein del av, vil kunne få tilsvarande negative følgjer. For å unngå dette, må ordninga med dispensasjon bli utforma slik at ein sikrar rasjonell og samfunnsøkonomisk gode løysingar, der ulike sider ved selskapa sin funksjon i samfunnet bli tatt med i vurderinga.

Ekspertgruppa sitt forslag om å peike ut distribusjonssystem-operatørar (DSO) vil kunne sikre betre koordinering og gi løysingar som er gode samfunnsøkonomisk. Mellom anna er det positivt for beredskap og for å halde på viktig kompetanse i fylka. Det at aktørar i kraft av å vere ein DSO, skal kunne pålegge andre nettselskap investeringar og prioriteringar er imidlertid svært krevjande, og gir nøytralitetsutfordringar som ekspertgruppa peikar på. Skal dette fungere, er det nødvendig å finne ei organisering som fremjar samarbeid og medverknad mellom partane heilt frå starten i prosessen. Her kan det vere tenleg å ta utgangspunkt i samarbeidet som eksisterer i samband med utarbeidinga av KSU.

Utvalet sitt forslag om å innlemme regionalnettet i distribusjonsnettet er positivt, så langt det gjeld organisering av strømmettet. Ved at regionalnettet skal eigast regional og lokalt, vil kompetanse og forsyning i regionen framleis verte lokalt forankra.

Det er positivt at utvalet erkjenner problemstillingane med høge nettleige for område med mykje ny, fornybar energi. Framlegget om å behalde inntekter frå innmating i dagens regionalnett i det utvida distribusjonsnettet, er eit skritt i rett retning. I praksis vil dette bety at til dømes i SFE Nett AS sitt område, vil ekstraintekta tilsvare ein reduksjon på 2-3 øre i uttakstariffen. Dette har ein utjamnande effekt, men er langt frå tilstrekkeleg til å løyse utfordringane rundt store skilnader i nett-tariffar.

Det vil vere sterkt urimeleg at kostnadar knytt til ei nasjonal satsing på fornybar energi skal belastast næringsliv og forbrukarar i område med store, fornybare energiresursar.

Ekspertgruppa sine endringsforslag i kostnadsnormen, vil kunne bidra til auka effektivitet, men vil kanskje ikkje bidra til auka investering. Og endringa kan vere negativ for investeringar for enkelte selskap. Innvendingane er at modellen for utrekning av effektiviteten ikkje er eksakt, og bør brukast forsiktig. Det kan vere naturgitte tilhøve som gjer at det er vanskeleg å oppnå like god effektivitet over alt. Det bør vurderast om denne endringa ikkje bør komme no, i ei tid med behov for store investeringar i nettet.

Forslag til vedtak:

1. Rapporten gir gode forslag og vurderingar for å få til ei betre organisering av straumnettet. Endringsforslaga vil kunne gjennomførast raskt, og vil gjere det lettare å få utført dei store utbetringane og investeringane i nettet på ein samfunnsøkonomisk god måte.
2. Krav om selskapsmessig og funksjonelt skilje for alle nettselskap vil kunne gjere det vanskelegare med kryss-subsidiering, samt lettare med tilsyn og auka fokus på nettverksemda. Men for fleire små og mellomstore selskap kan ei slik organisering bli svært vanskeleg. Det blir særst viktig at kriteria for dispensasjon blir slik, at uheldige verknader for mellom anna beredskap og næringsliv i utsette lokalsamfunn, kan bli vurdert opp mot fordelar ved ei oppsplitting av eit samla selskap.
3. Utpeiking av distribusjonssystemopertørar (DSO) som skal koordinere nettutbygginga innanfor større nettområder er eit forslag som kan gi samfunnsøkonomisk gode løysingar. Det at ein DSO skal kunne pålegge andre selskap investeringar i sine ansvarsområde, kan bli konfliktfylt. Utforming av ordninga bør sikre innsyn og samarbeid i forholdet mellom dei berørte partane gjennom heile arbeidet, slik at ulike innspel kan bli vurdert heilt frå starten av planleggingsfasen. Samarbeidet som er opparbeidd innan arbeidet med kraftsystemutredinga (KSU) bør takast vare på, og ny ordning må bygge vidare på dette.
4. Ekspertgruppa foreslår endring av inntektsramma for nettselskapa slik at selskapa får redusert den sikre dekninga av sine utgifter frå 40 % til 30 %. Forslaget vil kunne bidra til meir rasjonell drift i nettselskapa, men kan også føre til at enkelte selskap vil investere mindre pga lågare sikkerheit for investeringane. Det bør vurderast betre kva konsekvensar eit slikt forslag vil ha for ulike selskap.
5. Vestlandsrådet ser positivt på at utvalet erkjenner problemstillingar rundt store skilnader i nett-tariffar i ulike deler av landet. Det er og positivt at innmatingsinntektene skal gå til det nettnivået der faktisk innmating skjer. Vestlandsrådet beklagar derimot at utvalet ikkje har foreslått løysingar for problem knytt til urimeleg høge og aukande nett-tariffar i område med omfattande utbygging av fornybar kraftproduksjon. Kraftforedlende industri som t.d. Elkem Bremanger, må få behalde si tilknytning på høgaste nettnivå, eventuelt at det vert ein nasjonal tariff for kraftintensiv industri. Konsekvensen av manglande løysingar kan bli nedbygging av industri og næring, og sterk svekking av utbygging av fornybar energi.

Vestlandsrådet ber om ei utgreiing av ei nettleigeordning som tek omsyn til utfordringane i område med stort potensiale for produksjon av ny fornybar energi. Vestlandsrådet ber om tiltak som sikrar konkurransedyktige rammevilkår.

6. Noverande nettariffar stimulerer til å leggje tungt forbruk av elektrisk energi vekk frå overskotsområde og over til underskotsområde. Dette fører til dyrare nett og større tap i nettet. Ei ny ordning må gje prissignal som fremmar rasjonell bruk av ressursane.
7. Vestlandsrådet meiner at den situasjonen som t.d. Sogn og Fjordane er i, med urimeleg høge og aukande nett-tariffar på grunn av lojal oppfølging av nasjonale mål om utbygging av fornybar kraftproduksjon, ikkje kan halde fram. Sentrale styresmaktar må gjere noko med dette.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann